

# BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

**TIL:** Deloitte AS

**FRÅ:** Sogn og Fjordane Fylkeskommune

## Prosjektnamn

Tildeling og oppfølging av tilskot

## Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er plan for forvaltningsrevisjon basert på overordna analyse. Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 vart vedteken av fylkestinget i FT-sak 49/12. Kontrollutvalet har i KU-sak 11/14 vedteke å tilrå fylkestinget å vedta revidert plan for forvaltningsrevisjon. I den føreslegne reviderte planen for forvaltningsrevisjon er Tildeling og oppfølging av tilskot sett opp som første prosjekt.

## Formål

Fylkeskommunen har ansvar for verkemiddel som legg til rette for nærings- og samfunnsutvikling, der tilskotsordningar er eit viktig verkemiddel. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for tilskotsforvaltning innan kulturområdet.

Kontrollutvalet sitt føremål med dette prosjektet er å få undersøkt i kva grad det er etablert tilstrekkeleg med system og rutinar for tilskotsforvaltninga innan nærings- og samfunnsutviklinga i tillegg til tilskotsforvaltninga innan kultursektoren i fylkeskommunen

I revidert plan for forvaltningsrevisjon står det:

*Forvaltningsrevisjon av tildeling og oppfølging av tilskot*

- Organisering
- Rutinar for tildeling og oppfølging
- Måloppnåing
- Rapportering/kontroll
- Både tilskot innan kultur og næring kan vere aktuelt å sjå nærare på
- Oppfølging av stiftingar

## Forslag til problemstillingar

1. Er organiseringa av tilskotsforvaltninga i samsvar med politiske føringar?

- a. Er det gjort ei tydeleg avgrensing av roller og mynde mellom administrasjonen og politisk nivå, når det gjeld tilskotsforvaltning innan næring og samfunnsutvikling?
  - b. Er det gjort ei tydeleg avgrensing av roller og mynde mellom administrasjonen og politisk nivå, når det gjeld tilskotsforvaltning på kulturområdet?
2. Har fylkeskommunen etablert føremålstenlege system for å sikre at informasjon om tilskotsordningane er tydeleg og blir gjort tilgjengeleg for målgruppa?
  3. I kva grad er «Retningslinjer for verkemiddelbruk – næringsutvikling» eit dekkande regelverk for næringsretta midlar forvalta av fylkeskommunen gjennom statlege ordningar og eigne fylkeskommunale midlar?
  4. Er sakshandsaminga i samband med tildeling av tilskot tilfredsstillande?
    - a. Er det utarbeidd klare føringar og/eller kriterium for tildeling av tilskot innanfor dei ulike tilskotsordningane?
    - b. På kva måte vert EØS-reglane og andre relevante lov- og regelverk lagt til grunn i samband med tilskotsforvaltninga?
    - c. Blir forvaltningslova sin krav til sakshandsaming etterlevd?
    - d. Blir eventuelle interne retningslinjer for sakshandsaminga etterlevd?
    - e. Er sakshandsaminga godt dokumentert og etterprøvbar?
    - f. Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for vurdering av habilitet i samband med tildeling av tilskot?
  5. I kva grad har fylkeskommunen etablert system for å vurdere om tilskota bidrar til å nå dei mål som er sett for den enkelte tilskotsordninga?
    - a. I kva grad er det formulert tydelege føremål med dei ulike tilskotsordningane?
    - b. I kva grad blir det gjennomført systematiske evalueringar av måloppnåing innanfor dei ulike tilskotsordningane?
  6. I kva grad blir det stilt krav om rapportering frå tilskotsmottakar i samband med tildeling av tilskot?
    - a. Går krav til rapportering tydeleg frem av underretting om vedtak?
    - b. På kva måte vert det rapportert om bruken av tildelte tilskot?
    - c. Har fylkeskommunen føremålstenlege system for å sikre at tilskotsmottakarar rapporterer i samsvar med dei krav som er sett?
  7. Er det etablert tilstrekkelege rutinar for koordinering og samhandling mellom avdelingane i fylkeskommunen, i tilfelle der det kan vere aktuelt at fleire avdelingar tildeler tilskot til same verksemd eller føremål?

## Revisjonskriterium

Aktuelle revisjonskriterium kan vere:

- Forvaltningslova
- EØS-regelverket
- Andre relevante lov- og regelverk

Revisor vert oppmoda om å få på plass revisjonskriteria. Endelege revisjonskriterium vert bestemt etter dialog mellom kontrollutvalet, sekretariatet og revisor.

## **Avgrensning og omfang av prosjektet**

Prosjektet vert bestilt med atterhald om at fylkestinget vedtek revidert plan for forvaltningsrevisjon der «Tildeling og oppfølging av tilskot» er prioritert som prosjekt nr. 1.

Økonomisk ramme: Kontrollutvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd slik at den kan leggest fram for utvalet i møte 18. juni.

Utvalet vil gjerne ha ferdigstilt prosjektet innan 3.11.2014 for handsaming i kontrollutvalet 25. 11.2014.

Stad:.....

Dato:.....

Arve Mjømen  
Leiar i kontrollutvalet  
Sogn og Fjordane fylkeskommune